



**EIN NY FELLES
ORGANISASJON
FOR
FOLKEMUSIKK**

EIN NY FELLES FOLKEMUSIKKORGANISASJON

”Framlegg til modellar for ein ny felles folkemusikkorganisasjon.”

Rapport frå arbeidsutval sett ned av Norsk Folkemusikk- og Danselag og
Landslaget for Spelemenn september 2008

Overlevert styra i Norsk Folkemusikk- og Danselag og Landslaget for Spelemenn onsdag 24. september

INNHALDSLISTE

1	Innleiing	3
1.1	Bakgrunn	3
1.2	Om arbeidsgruppa	3
1.3	Mandat for arbeidsgruppa	4
2	Sentrale føringar for utvalet	4
2.1	Om rapporten.....	4
2.2	Paraply og spydspiss	5
2.3	Mange ulike omsyn	5
2.4	Fagområdet.....	5
3	Avgrensing til andre lag og organisasjonar	6
4	Medlemskap og styringsstruktur	6
4.1	Modell 1: Medlemsbasert organisasjon basert på lokal- og/eller faglag.....	7
4.2	Modell 2: Paraplyorganisasjon.....	8
4.3	Modell 3: Medlems- og interessebasert organisasjon	9
4.4	Råd / styringsgrupper	10
5	Administrasjon	11
5.1	Modell 1: Avdelingar	11
5.2	Modell 2: Prosjektorganisasjon	13
6	Generelle problemstillingar	14
6.1	Opne prosessar	14
6.2	Fordeling av midlar	14
7	Føremål	15
8	Prosess og framdrift	16
8.1	Informasjon og debatt.....	16
8.2	Om prosessen	16
8.3	Framdrift.....	16
8.4	Tentativ framdriftsplan.....	18
9	Oppsummering	19

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

”Styra i LfS og NFD har som mål å etablere éin ny felles folkemusikkorganisasjon i Norge. Vedtaket blir offentleggjort på Landskappleiken på Oppdal 2008.”

Dette vedtaket vart gjort på eit felles styremøte mellom Norsk Folkemusikk – og Danselag (NFD) og Landslaget for Spelemenn (LfS) 10. juni 2008. Vedtaket kom som følgje av at styra i dei to organisasjonane over lengre tid har sett døme på mellom anna dobbeltarbeid, og dårleg ressursutnytting. Dessutan har styra i dei to organisasjonane sett det som føremålstenleg at folkemusikkfeltet står samla i høve til styresmakter og omgjevnadane generelt. Vidare ynskjer organisasjonane å sjå og arbeide for folkemusikkfeltet i sin heilskap.

På grunnlag av vedtaket den 10. juni vart det bestemt å setje ned ei arbeidsgruppe med mandat å utarbeide konkrete framlegg til modellar for ein ny organisasjon. Arbeidsgruppa vart etablert tidleg i september, og fekk to veker på å utarbeide framlegg til modellar for ein ny folkemusikkorganisasjon

1.2 Om arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa er eit utval av personar med ulike bakgrunn og ulike roller innan folkemusikkmiljøet i Noreg, og er satt saman av aktørar som representerer både lag, utøvarar, og organisasjonane. Arbeidsgruppa er:

Jon Aarekol (*leiar*)
Nils Øyvind Bergset
Kenneth De Gala
Solbjørg Tveiten (*deltok på eitt møte*)
Camilla Granlien (*deltok på eitt møte*)

Eivind Kaasin (*sekretær*)

Arbeidsgruppa har hatt til saman tre møte, og alle møta har gått føre seg i Oslo. Gruppa har elles hatt kontakt og korrespondanse via e-post og telefon.

1.3 Mandat for arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa skal leggje fram ei innstilling til organiseringa av den framtidige folkemusikkorganisasjonen til felles styremøte LfS/ NFD 24. september. Relevante notat og vedtak frå møte mellom LfS og NFD våren og sommaren 2008 samt tilbakemelding på vedtaka, ligg til grunn for arbeidet. Mandatet for gruppa:

1. Leggje fram minimum to ulike organisasjonsmodellar for korleis ein ny organisasjon, med basis i dagens LfS og NFD sine oppgåver, engasjement og prosjekt innan utøving og formidling, kan sjå ut med struktur og føremål.
 - Det viktigaste på noverande tidspunkt er forslag til strukturar.
 - Ang. føremål så er tanken at arbeidsgruppa utarbeider nye hovudføremål med utgangspunkt i NFD og LfS si rekkevidde.
2. Utarbeide ein framdriftsplan for etablering av den nye folkemusikkorganisasjonen med særleg blick på kva som er mogleg og realistisk i høve til eksisterande vedtekter i NFD og LfS.

2 Sentrale føringar for utvalet

Utvalet har lagt vedtak og føresetnader i styra i LfS og NFD som grunnlag for dei modellane som blir foreslått. Element frå Arnestad-utvalet ligg også som viktige premisser for det utvalet legg fram. Dessutan ligg det politiske signal til grunn for arbeidet, som til dømes i stortingsmelding 22, ”Samspill” kap. 7.3:

”Departementet er kjent med at Norsk Folkemusikk- og Danselag og Landslaget for Spelemenn har gått sammen om å vurdere hvordan organisasjonene på kort sikt kan samarbeide mer og på lengre sikt kan skape en helhetlig struktur for hele folkemusikkfeltet.

Departementet ser positivt på dette initiativet og mener det bør bidra til en styrking av feltet. Tilskudd til sammenslåingsprosessen i organisasjonene Norsk Folkemusikk- og Danselag og til Landslaget for Spelemenn vil bli vurdert allerede i inneværende år.”

Utvalet føreset at arbeidet om eit tettare samarbeid om aktivitetane knytt til informasjon, formidling og profileringsverksemd blir ført vidare.

2.1 Om rapporten

Rapporten som arbeidsutvalet legg fram for styra i Norsk Folkemusikk- og Danselag og Landslaget for Spelemenn inneheld ei drøfting av styringsstruktur, administrasjon og aktuelle problemstillingar og dilemma. Utvalet ser det ikkje som sitt mandat å trekke konklusjonar.

2.2 *Paraply og spydspiss*

Etter utvalet sitt syn bør ein ny organisasjon innanfor folkedans og folkemusikk omfatte heile feltet, både amatørområdet, det profesjonelle området og fagområdet.¹ Utvalet legg til grunn synspunkta som går på at det er uavklarte og utydelege roller og oppgåver innan folkemusikk og folkedans i Noreg. Dette gjer det vanskelegare både for medlemmer, arrangørar, utøvarar som lever av folkemusikken og byråkratiet å ha oversikt og å orientere seg på området.

Utvalet trur ikkje ein kan løyse sentrale utfordringar utan å samordne dei ulike interessene og behova innan dette store og ofte komplekse området. Ved å utnytte den samla kompetansen på ein meir effektiv måte meiner utvalet at ”synergieffekten” kan bli stor.

Utvalet ser det som ein sær viktig føresetnad at mangfaldet ikkje skal gå tapt, men tvert imot styrkjast, og at ein ny organisasjonsstruktur må ivareta dette på ein god måte. Demokratiske prosessar, openheit og arenaer for debatt og meningsutveksling vil vere viktige grunnsteinar i den nye organisasjonen.

På den andre sida bør ein ny organisasjon vere ei klar og tydeleg røyst på den kulturpolitiske arenaen. Dette gjeld i høve til synleggjering av folkemusikken og folkedansen i samfunnet, det å spele ei aktiv rolle i dei kulturpolitiske prioriteringane og å styrkje området generelt. For heile feltet er det avgjerande med ein god kontakt både til sentrale og lokale styresmakter, til andre kulturorganisasjonar og til media og samfunnet elles.

2.3 *Mange ulike omsyn*

Det er viktig at den nye organisasjonen vert utforma slik at den kan ta opp i seg dei ulike aktørane på feltet. Flest mogleg aktørar på folkemusikkfeltet bør kunne tilslutte seg ein ny organisasjon. Organisasjonen skal ha ein modell som legg til rette for deltaking og demokrati, og bør vere inkluderande og famne breitt.

Ein ny organisasjon vil få ei stor utfordring med å sameine dei ulike interessene på feltet og bli *ein* organisasjon. Den tradisjonelle lagskulturen innan folkemusikk og folkedansfeltet er og har vore eitt viktig element. Det er viktig at medlemmer kjenner seg att og heimehøyrande i ein ny organisasjon.

Samstundes bør organisasjonen vere pådrivaren for marknadsføring, formidling og rådgiving for utøvarar som har valt folkemusikk og folkedans som sin leveveg. Dessutan kan ein ny organisasjon også arbeide for utvikling av og rådgjeving til dei ulike arrangørane på feltet. Desse hovudgreinene må ikkje kome i motsetnad til kvarandre, men må i ny organisasjon syast saman til ein heilskap.

2.4 *Fagområdet.*

Utvalet meiner at ein ny organisasjon må være fagleg fundamentert. Her ligg kontakten mot alle fagmiljø innan området, dvs. forskning, folkemusikkarkiva, utdanningsinstitusjonane og andre organisasjonar innan feltet. Ulike organisatoriske alternativ er skissert i modellane for medlemskap. Etter utvalet sitt syn må fagleg kompetanse i organisasjonen liggje til grunn når viktige folkemusikk-/folkedanspolitiske vegval skal takast, eller midlar skal fordelast. Utan fagområdet innafor paraplyen vil det vere vanskeleg å oppnå dei måla som ein ny organisasjon måtte velje å setje seg.

¹ Utvalet brukar både begrepa felt og område innan folkedans og folkemusikk. Det ligg ikkje nokon skilnad i meningsinnhald på desse to omgrepa, dei er brukt for å variere språket.

3 Avgrensing til andre lag og organisasjonar.

Det ligg ikkje i mandatet til utvalet å føreslå tiltak eller modellar som har direkte konsekvensar for andre lag og organisasjonar på området. Ein av modellane skisserer likevel organisasjonane som ein del av ein større organisatorisk paraply. Kva konsekvensar ein ny organisasjonsmodell vil få for andre lag og organisasjonar på folkemusikkfeltet vil etter kvart avteikna seg, avhengig av kva for modell ein vel.

Utvalet ser elles ikkje for seg at den nye organisasjonen skal vere medlem av organisasjonar på eit lågare nivå. Derimot kan organisasjonen tilslutte seg relevante overbyggjande organisasjonar og/eller råd.

4 Medlemskap og styringsstruktur

I dette kapitlet vil utvalet presentere tre ulike modellar for styringsstruktur i ein ny organisasjon. Dei tre modellane skisserer ulike alternativ for medlemskap og demokratisk styring i ein ny organisasjon. Utvalet presiserer at dette ikkje er dei einaste moglege løysingane for feltet, men er meint som ulike framlegg som kvar for seg presenterar ulike løysingar.

Viktige overordna prinsipp for medlemskap:

- demokrati
- ope for å ta inn i seg nye funksjonar dersom andre organisasjonar endrar seg seinare


Prinsipielle sider som skil modellane frå kvarandre

- Medlemskap: om det er personlege medlemmer eller interesser / organisasjonar som ligg i botnen.
- Fag-, interesse- eller distriktsinndeling av organisasjonen

Utvalet meiner den nye organisasjonen skal vere ein friviljug organisasjon, med grunnleggjande demokratiske prinsipp i botnen.

Utvalet ser det som viktig at organisasjonen er fleksibel i høve til endringar på feltet, og at det ikkje opprettast strukturar som låser for endringar. Ein bør difor opprette ein organisasjon som er dynamisk og tilpassa endringar.

4.1 Modell 1: Medlemsbasert organisasjon basert på lokal- og/eller faglag




Grunnpilaren i denne modellen er eit personleg medlemskap. Medverknad og innflytelse får ein gjennom eit lokallag og/eller eit faglag som igjen vel representantar til årsmøtet. Døme på faglag kan være: - vokal folkemusikk, dans, durspel, lur- og bukkehorn, profesjonelle utøvarar og lærekrefter.

Fordelen med denne modellen er at kvar enkelt medlem kan medverka og ha innflytelse gjennom sitt særslag. Modellen tek også opp i seg ulike sjangrar og interesser innan folkemusikken og folkedansen, og gjev med det ein noko breiare organisasjon med fleire aktørar.

Ulempa med denne modellen kan være at alle medlemmer må være tilslutta enten eit faglag eller eit interesselag. Ved å binde opp den demokratiske strukturen til berre å gjelde personleg medlemskap, kan det føre til at organisasjonen ikkje i tilstrekkeleg grad tek opp i seg alle aktørar på feltet, som til dømes arrangørar, festivalar og faginstusjonar.

4.2 Modell 2: Paraplyorganisasjon




Dei ulike organisasjonane og laga som allereie eksisterer på folkemusikkfeltet blir verande, men vel utsendingar til ein ny organisasjon som har ein felles administrasjon for organisasjonane og mottok det offentlege tilskotet. Utvalet ser føre seg å slå saman administrasjonen til dagens NFD og LfS. På sikt kan det også verte aktuelt å slå saman delar av andre lag sine administrasjonar. Denne modellen kan samanliknast med slik Rådet For Folkemusikk og Folkedans er organisert i dag. Dagens organisasjonar, i form av t.d LfS, NFD, NU kan då bli medlemmer i den nye paraplyorganisasjonen. Med andre lag meiner ein t.d. Norsk Lur- og Bukkehornlag, Norsk Kvedarforum og Norsk Munnharpeforum. Modellen opnar også for at institusjonar av typen festivalar, utdanningsinstitusjonar og arkiv kan vera medlemmer. I denne modellen er den personlege medlemskapen knytt til kvar enkelt underorganisasjon.

Fordelen med denne organisasjonsforma kan være at den gir rom for at utøvarar, arrangørar og faginstitusjonar kan få si stemme inn i styringa av organisasjonen. Ein slik organisasjonsmodell kan også samle heile folkemusikkfeltet og med det stå samla ovanfor styresmakter og liknande. Denne modellen kan føre til betre ressursutnytting og synergieffektar i høve administrasjon.

Ulempa med denne modellen er den kan føre til parallelle strukturar og dobbeltarbeid i driftinga av organisasjonen. Demokratiet kjem dermed i skuggen og at det er langt frå eventuelt personleg medlemskap og opp til styret. Dette vil kunne svekke demokratiet, og føre til redusert medverknad. Avstanden mellom administrasjon og grasrot vert stor. Ei anna ulempe med denne modellen er at den eksisterande organisasjonsstrukturen på folkemusikkfeltet i stor grad vil verte oppretthaldt slik den er i dag.

4.3 Modell 3: Medlems- og interessebasert organisasjon



Vegen til medverknad går gjennom to søyler - ei medlems og lokallagsbasert demokratisk søyle, og egne søyler for bestemte interesser. Mellom dei ulike søylene vil det bli gjort ei vekting av stemmene. Stemmevektinga kan skje via ekstra representantar eller fleire stemmer per representant på årsmøtet. Døme på interesser som kan få auka stemmevekt inn mot eit årsmøte er: *profesjonelle utøvarar, lærekrefter (pedagogar), arrangørar, festivalar, faginstitusjonar (arkiv, utdanningsinstitusjonar).*

Utfordringa i ein slik organisasjon er å bestemme kva for interesser som skal få ekstra stemmevekt, og korleis dette påverkar den reelle makta i organisasjonen. I denne modellen vil enkelte grupper få redusert si makt, medan andre grupper vil få auka makt. Korleis denne vektinga skal fordelast må fellast ned i vedtektene i den nye organisasjonen. Eit alternativ kan vere at bestemte aktørar har stemmerett på saker som særskild vedkjem dei. Utfordringa vert då å definere og avgjere kva for saker dette er. .


Ein fordel med denne modellen er at arrangørar, utøvarar og faginstitusjonar representerar eit breitt utval av aktørar i organisasjonen. Desse gruppene utgjer i utgangspunktet eit mindretal i høve til talet på medlemmer til dømes i laga. For at utøvarar og arrangørar skal kunna fremje sine interesser og ha ein reell moglegheit for medverknad i organisasjonen, vil det vera ein fordel med stemmevekting. Gjennom denne vektinga kan ein få ei meir balansert utvikling av organisasjonen og eit meir balansert maktforhold mellom dei ulike gruppene.

Ulempa med denne modellen er at enkelte grupper blir vekta opp, og gjennom det vert det demokratiske fundamentet til organisasjon svekka.

4.4 Råd / styringsgrupper

Det kan vere aktuelt å opprette råd eller styringsgrupper med spesielle funksjonar i tillegg til styret. Dette kan være permanente råd, eller kompetanse som kan trekkjast inn ved behov. Slike råd kan mellom anna handsame faglege spørsmål, utvikle prosjekt, tildele midlar, velje artistar m.m. I denne samanhengen kan det vere aktuelt med representasjon frå ulike fagområde på feltet som til dømes vokal folkemusikk og dans eller andre faginstitusjonar/fagmiljø på feltet. For å sikre demokratiet bør årsmøtet velje slike råd, men representantar frå andre organisasjonar eller interesser kan gjerne vere representert i råda.


Utvalet ser det som viktig at slike råd får klart definerte mandat på kva oppgåver og avgjerdsrett dei har. I samband med oppnemning av råd er det viktig at det er opne prosessar om rutinar for val av representantar.



5 Administrasjon

Utvalet vil i dette kapitlet presentere to ulike modellar for utforming av administrasjonen. Utvalet presiserer at utforminga av det administrative nivået er noko som må sjåast i samband med kva type modell ein vel for medlemskap og demokratisk struktur. Det administrative nivået må tilpassast nærare etter kva for interesser og fagområde organisasjonen skal famne om og arbeide for. Dessutan vil val av administrativ modell vere avhengig av størrelse på administrasjonen, knytt til mellom anna talet på tilsette.

5.1 Modell 1: Avdelingar



Generalsekretær

Generalsekretæren skal ha det overordna ansvaret for drift og utvikling av organisasjonen, samt oppfølging av dei tilsette. Generalsekretæren skal jobbe aktivt mot styresmakter.

Stabsfunksjonar

Desse funksjonane vil være eit apparat som arbeider for og med alle delar av organisasjonen. Utvalet ser det som viktig at desse funksjonane ligg tett opp til generalsekretæren.

Informasjon

Eininga omfattar generelt informasjonsarbeid, samt fag-/medlemsblad, nettsider, og liknande. Arbeidet omfattar også det strategiske informasjonsarbeidet internt og eksternt.

Økonomi og administrasjon

Denne funksjonen vil assistere generalsekretær i økonomioppgåver, samt utføre relevante kontoroppgåver.

Avdelingar


Dei ulike avdelingane i denne modellen er delt inn i interesseområda som til dømes *fag*, *utøvar*, *arrangement*, og *organisasjon*. Under er det lista opp nokre oppgåver, funksjonar og prosjekt som kan høyre til under desse interesseområda. Utvalet påpeikar at det også kan vere andre interesseområde som kan vere aktuelle. Oppsettet under er meint som eit døme på oppgåver og prosjekt.

<i>Fag</i>	<i>Utøvar</i>	<i>Arrangør</i>	<i>Organisasjon</i>
Koordinerande rolle Kontakt med fagmiljø Arrangere forum / faglege møteplassar for forskning, utdanning, undervisning kveding, dans, spel, rekruttering.	Norsk Folkemusikkatalog Bookingverksemd Profilering / formidling Forum for utøvarar Intro-folk Rådgeving Kontakt og samarbeid med relevante aktørar	Folkemusikkscena Landskappleiken Landsfestivalen Folkelarm Árinn Kontakt og samarbeid med relevante aktørar Arrangere forum. Kompetanseutvikling.	Oppfølging av medlemmer og medlemslag. Medlemsregister Verving /rekruttering Drift av organisasjonsdemokratiet Leiarutvikling

Fordelen med denne inndelinga er at den gjev klart definerte arbeidsområder. Slik kan organisasjonen verte oversiktleg for medlemmer og aktørar på feltet, men også internt i administrasjonen. Gjennom definerte fagområde kan ein få ein administrasjon som evnar og utvikle spisskompetanse/spesialkunnskap på dei ulike interesseområda.

Ulempa med ei slik inndeling er at den kan føra til lite samarbeid på tvers av fagområda, og at organisasjonen slik sett kan verte segmentert. Her har stabfunksjonane og generalsekretær ei viktig oppgåve med å koordinere dei ulike interesseområda.

5.2 Modell 2: Prosjektorganisasjon



Ein fordel med ein slik modell er at organisasjonen er dynamisk, og at den raskt kan endrast dersom omgjevnadene på folkemusikkfeltet endrar seg.

Ulempa med ein slik organisering er at kvart enkelt prosjekt kan bli så mykje fokusert kring seg og sitt, at eit samarbeid dei ulike prosjekta i mellom vert tilsidesett. Med ein slik modell kan organisasjonen verte uoversiktleg og fragmentert.

Eit alternativ til dei to modellane som er skissert opp kan vere ein administrasjon som er samansett og basert på avdelingar og prosjekt. Til dømes kan ein ha avdelingar for fag og organisasjon, medan det innan interesseområda for utøvarar og arrangørar kan vere ei prosjektbasert inndeling.

6 Generelle problemstillingar

Det er svært mykje å ta omsyn til i høve etableringa av ein administrasjon, men ut i frå tidsramma for arbeidsgruppa kan ikkje utvalet ta opp alle dilemma og omsyn. Utvalet har likevel sett det som nyttig å trekke fram nokre problemstillingar som det bør takast omsyn til.

6.1 *Opne prosessar*

Utvalet ser det som viktig at prosessane rundt bookingverksemd, utval av artistar i samband med festivalar, arrangement, prisar og liknande er opne. Det skal være tydeleg kven som tek avgjerslene, og korleis desse vert tekne. Folkemusikkmiljøet er eit relativt lite miljø der banda mellom aktørane ofte er tette. Difor er det viktig at ein ny organisasjon har rutinar og retningsliner på dette området slik at ein oppnår legitimitet og truverd. Problemstillingane knytt til dette kan ein mellom anna løyse gjennom etablering av fagråd. (j.fr punkt 4.4.)

6.2 *Fordeling av midlar*

Ein ny organisasjon vil kunne stå i posisjon til å fordele eventuelle midlar på feltet, men utvalet har ikkje sett det som føremålstenleg å lage ei eiga avdeling som skal handsame desse sakene. Utvalet meiner at generalsekretær kan organisere sakshandsaminga ved behov. På dette punktet er det særst viktig at prosessen er open, og at vurderingane i størst mogleg grad vert tekne på eit uavhengig grunnlag. I samband med fordeling av midlar bør det være styret i organisasjonen, eller eit eige oppnemnt råd/styre, som avgjer tildelingane.

7 Føremål

Utvalet ser det som viktig at den nye organisasjonen har eit kort, breitt og samlande hovudmål. Eit slikt hovudmål bør supplerast med konkrete arbeidsområde i ein eigen paragraf. Utvalet har ikkje sett på eller formulert konkrete strategiar eller tiltak, og dette må difor fellast ned i eventuelle arbeidsprogram eller strategiplanar. Det er også viktig at omfanget av arbeidsområde blir definert i samband med prosessen med oppretting av ein ny organisasjon.

Utvalet foreslår dette hovudføremålet:

Ta vare på og fremje norsk folkemusikk og –dans.

Når det gjeld arbeidsområda har utvalet tatt utgangspunkt i det som pr. i dag er definert i føremåla til dei to organisasjonane. Utvalet foreslår på dette grunnlaget desse arbeidsområda:

- arbeide for å skape betre forståing for dei kulturverdiane som folkemusikken og -dansen representerer, lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.
- gje fagleg råd og rettleiing om musikken og dansen
- styrke formidlinga av folkemusikk nasjonalt og internasjonalt.
- styrke det faglege arbeidet for folkemusikk- og dans, samt fagfelt som er knytt til dei.
- styrke utøvarane og arrangørane si stilling
- utvikle og styrke former for samarbeid med andre organisasjonar på kulturfeltet om saker av felles interesse.
- legge til rette for og utvikle sosiale arenaer lokalt, regionalt og nasjonalt for å dyrke folkemusikk- og dans.
- legge tilhøva til rette for utvikling og aktivitet i medlemslaga
- drifte og utvikle framføringsarenaer for norsk folkemusikk
- drifte Norsk Folkemusikkfond.
- legge til rette for rekruttering, og drive og støtte opplæringsarbeid.

Utvalet meiner også at ein bør vurdere og inkludere andre type målsetjingar i ein ny organisasjon.

- styrking av utdanninga på området
- styrking av forskinga innan fagfeltet
- arbeide for etnisk folkemusikk

8 Prosess og framdrift

8.1 Informasjon og debatt

Utvalet meiner organisasjonane bør legge til rette for ein brei debatt og diskusjon om etableringa, og gje medlemmene moglegheit for å kome med innspel. Organisasjonane bør arbeide aktivt for å skape arenaer for diskusjon og debatt, og utvalet ser det som viktig at det blir lagt til rette for at flest mogleg aktørar vert involverte i debatten. Det kan også vere relevant å invitere andre aktørar og organisasjonar knytt til feltet slik at ein får ein brei diskusjon om saken. Gjennom dette kan ein forankre ein ny modell i miljøet. Diskusjonen og debatten bør også ta utgangspunkt i konkrete modellar og framlegg

Utvalet oppmodar organisasjonane om å gje medlemene informasjon om prosessen, og at denne informasjonen vert lagt fram på eit heilskapeleg vis for båe organisasjonane. Utvalet oppmodar organisasjonane om å samarbeide om den informasjonen dei sender ut til medlemar og andre knytt til saka. Samstundes ynskjer utvalet at debatten i organisasjonen i hovudsak omhandlar styringsstrukturen og den nye organisasjonen sine føremål, framfor diskusjon om organiseringa av administrasjonen, då dette er opp til eit nytt styre og ein generalsekretær til å utarbeide ut i frå deira faglege vurderingar.

8.2 Om prosessen

Utvalet ser det som viktig at vedtaka som blir gjort går på å etablere og tilslutte seg ein ny organisasjon, og ikkje nedlegging av den noverande organisasjonen. Her ligg det ein vesentleg nyanse som styra må ta omsyn til.

Ein oppfordrar styra i dei to organisasjonane om ikkje å forhasta prosessen med å etablere ein ny organisasjon. Styra må sørge for at prosessen går føre seg på eit juridisk korrekt grunnlag i høve til vedtekter, retningsliner og liknande. Utvalet tilrår at ein går igjennom dei juridiske tilhøva i samband med etablering av ein ny organisasjon.

I høve generell organisering, prosess og framdrift meiner utvalet at ein bør sjå til andre relevante organisasjonar og aktørar på musikk- og kulturfeltet, og hente inn erfaringar frå desse knytt til organisering og administrasjon.

8.3 Framdrift

Utvalet meiner det bør fattast eit intensjonsvedtak på Landslaget for Spelemenn sitt årsmøte november 2008. Intensjonsvedtaket bør vere enkelt og kortfatta, utan konkrete framlegg til struktur. Intensjonsvedtaket kan vere: LfS / NFD ynskjer å etablere ein ny felles folkemusikkorganisasjon. I samband med årsmøtet bør det også orienterast om prosessen, samt legge til rette for ein fri diskusjon om saka. Det same intensjonsvedtaket bør fattast på årsmøtet i Norsk folkemusikk- og Danselag mars 2009.

Vidare bør ein utarbeide ein heilskapeleg struktur, føresegner og føremål for ein ny organisasjon innan sommaren 2009. På årsmøtet til Landslaget for Spelemenn hausten 2009 bør det fattast vedtak om å etablere og tilslutte seg den nye organisasjonen, og overføre medlemmer, verdiar og administrasjonen til den nyetablerte organisasjon. Vidare bør det kallast inn til omframt årsmøte i Norsk Folkemusikk- og Danselag i samband med Landslaget

for Spelemenn sitt årsmøte, og det same vedtaket bør fattast her. Etter dette bør den nye organisasjonen formelt opprettast gjennom eit skipingsmøte, der eit interimsstyre vert konstituert. 1. januar 2010 bør den nye organisasjonen vere operativ.

Utvalet presiserer at denne progresjonen føreset at dei ulike vedtaka får tilslutning frå årsmøta, og at den er mogleg i høve til føresegnar og andre juridiske retningslinjer.

Når ein har etablert ein ny organisasjon ser ikkje utvalet behovet for å halde på dei noverande organisasjonane, og meiner då at desse organisasjonane bør verte oppløyst i høve føresegnene i dei to ulike organisasjonane. Føresegnene på dette området i dei to organisasjonane er:

Norsk Folkemusikk- og Danselag:

§ 9 - Oppløysing

Vedtak om oppløysing av NFD må gjerast av to påfølgjande vanlege årsmøte, kvar gong med eit røystetal på minst fire femdelar av dei som møter. NFD kan likevel ikkje løysast opp dersom fem medlemmer røystar i mot det ved andre årsmøtehandsaming, og desse vil drive laget vidare i samsvar med føremålet.

Vert laget oppløyst eller nedlagd skal lagsmedelen avsetjast som urørleg fond, og leggjast inn i Arne Bjørndals fond av 1963 for norsk folkemusikk, som forvaltast av Universitetet i Bergen.

Dersom lagsdrifta ikkje vert teken opp att i samsvar med det opphavlege føremålet innan 10 år etter oppløysinga, skal lagseiga gå inn i Arne Bjørndals fond av 1963 for norsk folkemusikk. Arkivet skal deponerast ved Arne Bjørndals Samling ved Universitetet i Bergen.

Landslaget for Spelemenn:

§ 19 - Oppløysing

Dersom LfS blir oppløyst eller nedlagt, skal lagsmedelen setjast fast som urørleg fond styrt av Rådet for folkemusikk og folkedans. Blir ikkje laget teke opp att på same grunnlag innan 15 år, går eigedomsretten over til Rådet for folkemusikk og folkedans. Landslaget for Spelemenn kan ikkje leggjast med dersom minst ti (10) medlemslag går mot det.

8.4 Tentativ framdriftsplan

TENTATIV FRAMDRIFTSPLAN etablering av ein ny organisasjon	
2008	
	Informasjon til medlemmer i NFD og LfS Debatt
1. november	Årsmøte i Landslaget for Spelemenn Intensjonsvedtak
2009	
21. mars	Årsmøte i Norsk Folkemusikk- og Danselag Intensjonsvedtak
sommar	Utarbeiding av vedtekter, føremål og struktur for ein ny organisasjon
November	Årsmøte i Landslaget for Spelemenn Vedtak om å etablere og tilslutte seg ein ny organisasjon
	Omframtr årsmøte i Norsk Folkemusikk- og Danselag Vedtak om å etablere og tilslutte seg ein ny organisasjon
	Stifting / etablering av ein ny organisasjon
2010	
1. januar	Den nye organisasjonen er operativ
Hausten 2010	Første ordinære årsmøte i den nye organisasjonen.

Utvalet tilrår at prosessen ikkje går raskare enn utvalet sitt framlegg, men er opne for at prosessen kan ta lengre tid. Utvalet ser at det truleg kan oppstå problemstillingar ein ikkje veit om i dag, som til dømes politiske føringar og liknande. Dette kan føre til at prosessen kan ta lengre tid enn skissert, eller at den vert framskunda.

9 Oppsummering

I denne rapporten har arbeidsutvalet, i høve til sitt mandat frå styra i Norsk folkemusikk- og Danselag og Landslaget for Spelemenn, utarbeida eit framlegg til struktur for ein ny felles folkemusikkorganisasjon.

Utvalet har kome med framlegg om og drøfta tre modellar for styringsstruktur og medlemskap. Dei tre modellane er:

- Medlemsbaserte lokal og/eller faglag
- Paraplyorganisasjon
- Medlems- og interessebasert organisasjon

Utvalet har også sett på to modellar for organiseringa av administrasjonen. Vidare har utvalet trekt fram nokre viktige problemstillingar knytt til styringsstruktur og administrasjon. Elles har utvalet kome med framlegg om nytt kort breitt og samlande hovudmål, samt arbeidsområde som er knytt til det.

Til slutt har utvalet kome med eit framlegg til framdrift for etableringa av ein ny organisasjon, og vidare kome med naudsynte tilrådingar ovanfor styra i høve dette.

Utvalet har ikkje konkludert i høve sine framlegg.